

KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Dykkar referanse:

Dato: 11.08.2021
Saksnr.: 2020/60674
Dok.nr.: 19
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 50 bnr 33 mfl. - Detaljregulering plan 1031 – utviding av Falnes kyrkjegard - uttale etter kulturhistorisk registrering

Fylkesrådmannen viser til tidlegare korrespondanse og til kulturhistorisk registrering som vart gjennomført 22.06.- 08.07.2021. Rapport frå registreringa er vedlagt.

Fylkesrådmannen har behandla planen som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Innanfor planområdet var det frå før registrert eit automatisk freda kulturminne – ID 24560 – gravminne og bautastein. Ved registreringa vart det påvist eit nytt automatisk freda kulturminne: ID 277409, definert som busetnads-/aktivitetsområde datert til eldre steinalder. Kulturminnet er freda etter Lov om kulturminne §§ 3 og 8.

Det som før registreringa var tolka som eit automatisk freda kulturminne – ID 34400 vart undersøkt og avskrive og er no definert som eit nyare tids kulturminne.

ID 277409 – steinalderbuplass

Det nyleg påviste kulturminnet ligg i nordaustre del av planområdet, innanfor gnr 50 bnr 33. Lokaliteten er basert på tre funnførande prøvestikk med totalt 15 funn. Funna tyder på ein bruksfase i eldre steinalder (8100 – 3300 f.Kr.). Funna ligg i uforstyrta lag under matjorda.

Forslag til regulering av ID 277409 og 24560

Steinalderbuplassen, ID 277409 og gravminnet/bautasteinen ID 24560, med fem meters sikringssone, bør bevarast for framtida gjennom regulering til omsynssone § 11-8 d) – båndlegging etter Lov om kulturminner (SOSI-kode H730), i kombinasjon med grønstruktur – underføremål natur, med tilhøyrande reguleringsbestemming:

Hensynssone 11-8 d) - båndlegging etter Lov om kulturminner, SOSI-kode H730:

Innenfor «hensynssone for båndlegging etter lov om kulturminner ligger ett bosetnings/aktivitetsområde med ID 277409 og ett gravminne/bautastein med ID 24560. Det er ikke tillatt å sette i gang tiltak som kan skade, ødelegge eller utilbørlig skjemme kulturminnet eller foreta noen form for fysiske inngrep i terrenget/grunnen i området satt av til hensynssone H730. Det er heller ikke tillatt å gjennomføre andre tiltak i området som kan

virke inn på de automatisk freda kulturminnene, jf. Kulturminnelovens §§ 3 og 8.

Eventuelle tiltak innenfor området må på forhånd avklares med kulturminnemyndighetene, jf. Lov om kulturminner §§ 3 og 8. Slike tiltak skal fremmes i form av reguleringsendring/er.

Når det gjeld ID 24560 – gravminne bautastein – må det i tillegg regulerast inn ein vernesone rundt omsynssone 11-8 d) (sjå vedlagt kart med avgrensing). Dette er for å hindre/ redusere skjemming av det automatisk freda kulturminnet og la kulturminnet i størst mogleg grad ligge i eit ope, fritt miljø.

Denne vernesonen skal visast på plankartet som omsynssone § 11-8 c) (SOSI-kode H570) i kombinasjon med grønnstruktur - underføremål natur. Lokaliteten må vidare sikrast ved at tilhøyrande reguleringsbestemmelse vert innarbeida i planen:

Hensynssone 11-8 c) – bevaring kulturminner og kulturmiljø (H570)

Hensynssone 11-8 c) omfatter vernesone for automatisk freda kulturminner innenfor H730 (ID 24560). Det er ikke tillatt å oppføre bygg eller anlegg innenfor området. Det er videre forutsett at evt. mindre installasjoner i (nær)området skal ha en god landskapstilpasning av hensyn til nærliggende automatisk freda kulturminne. Alle tiltak innenfor området må på forhånd avklares med kulturminnemyndighetene.

Tiltak som krever endring av arealformålet må fremmes i form av en reguleringsendring.»

Alternativ løysing for ID 277409

Eitt alternativ til å regulere området der ID 277409 ligg, til omsynssone, er at tiltakshavar kan få vurdert dispensasjonsspørsmålet for kulturminnet. Saka blir då sendt til Arkeologisk museum UIS for å få ei fagleg tilråding, medan Rogaland fylkeskommune deretter fattar endeleg vedtak i saka.

Vi kan allereie no signalisere at vi vil kunne tilrå ein dispensasjon for ID 277409. Dersom tiltakshaver ønsker å søke om dispensasjon frå fredingsvedtektene for ID 277409, vil saksgangen vere slik: Når Rogaland fylkeskommune får inn planen på offentlig ettersyn, vert saka oversendt til Arkeologisk museum UiS for ei fagleg vurdering og tilråding når det gjeld det automatisk freda kulturminnet.

Fylkeskommunen vurderer saka, basert også på Arkeologisk museum UiS sine vurderinger og tilrådingar og fattar vedtak i saka. Dersom det vert gjeve dispensasjon med vilkår om nærmare arkeologiske undersøkingar, må det gå klart fram av reguleringsbestemmingane i vedtatt plan at arkeologiske undersøkingar skal gjennomførast før dei planlagte tiltaka vert sette i gang.

Eventuelle vidare arkeologiske undersøkingar - før realiseringa av planen kan starte - må betalast av tiltakshavar, jf. Kulturminneloven § 10. Vi ber om ei skriftleg tilbakemelding dersom tiltakshavar ønsker å få vurdert dispensasjonsspørsmålet.

Når planen er vedtatt vil ein kunne gjennomføre eventuelle arkeologiske undersøkingar, og først på dette stadiet vil Riksantikvaren kunne fastsette endelig omfang og kostnader for

dei arkeologiske utgravingene, jf. Lov om kulturminne §10.

Dersom planen er å søke om dispensasjon for kulturminnet, må omrisset av sjøve fornminnefeltet (som bestemmingsområde) med Askeladden ID 277409 leggest inn på plankartet.

Fylkesrådmannen vil minne om at dersom våre merknader ikkje vert innarbeidde i planbestemmingane og på plankart, så vil det bli motsegn til planen når den kjem på offentleg ettersyn.

ID 34400 – gardsanlegg (ikkje freda)

Dette kulturminnet vart nærare undersøkt og avskrive som eit automatisk freda kulturminne. Det hår såleis ikkje noko formelt vern i medhald av kulturminnelova. Fylkesrådmannen meiner på same tid at husmurane kan vere vel verdt å ta vare på og at det kan vere eit fint og passande innslag i ein kyrkjegardssamanheng, enten der ein har ein stasjon for å hente vatn, rekreasjon med benk, grøntområde med beplantning e.l.

Faktura for den kulturhistoriske registreringa blir sendt i ei eiga sending.

Helsing
Kate I. J. Syvertsen
seksjonssjef
Kate Irene Jellestad Syvertsen
seksjonssjef

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Vedlegg: Rapport frå kulturhistorisk registrering
Kart som viser planområde og omsynssonar (d)H730 og c)H570)

Kopi til: Arkeologisk museum UiS

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.